

Møte for lukkede dører, Stortinget 5. mai 1939

Møte for lukkede dører i Stortinget  
den 5. mai 1939 kl. 17.00

President: Magnus Nilssen.

Dagsorden:

Referat.

Presidenten: Presidenten foreslår at dette møte settes for lukkede dører - og anser det for bifalt.

Videre foreslår presidenten at de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer samt byråchef Tostrup gis adgang til møtet. - Det ansees bifalt.

Statsråd Torp overbragte en kongelig proposisjon (se under Referat).

Referat:

Kgl. prp. om delvis statsgaranti for et parti klippfisk, skipet til Spania.

Enst.: Sendes sjøfarts- og fiskerikomiteen forsterket med 2 medlemmer fra finans- og tollkomiteen, opnevnt av denne.

Presidenten: Forlanger nogen ordet før dette møte heves?

Sven Nielsen: Jeg tillater mig å benytte anledningen til i dette hemmelige møte å spørre den ærede utenriksminister om hvordan Hannevigsaken for tiden ligger an. Det er sikkerlig mange av Stortingets medlemmer som er interessert i å få vite hvad der er foretatt med denne sak, og om der foreligger noget resultat av de forhandlinger som i sakens anledning er ført med De forente stater.

Statsråd Koht: Eg trur det er rett å greia ut i samanheng gangen i Hannevigsaka sia Stortinget i 1935 gjorde vedtaket sitt over at Regjeringa skulde sjå til å få Hannevigsaka fram til millomfolkeleg skiltsdom.

Eg tok den gongen fyrst saka opp munnleg med den amerikanske sendemannen i Oslo (det var på den tida mr. Hofman Philip), og eg gav han samstundes (29 mai 1935) eit oppset med dei faktiske hovudpunkta i saka i stutt samandrag. Eg sa til han at eg vilde ynska den amerikanske regjeringa vilde sjå mest på dei faktiske vilkåra som skadebotskravet frå Hannevig bygde på, og ikkje binde seg til reint formelle juridiske omsyn.

Svaret var dessverre den 30 juli at den amerikanske regjeringa rekna Hannevigsaka for opp- og avgjort med det som var sagt frå amerikansk side i 1926, så no vilde ho ikkje vera med på å ta saka opp på nytt. Det same svaret fekk sendemann Morgenstjerne i Washington av statssekretær Hull den 22 august.

Eg la fram for Stortinget i 1936 melding om desse avslaga, og Stortinget gjorde da den 19 mars nytt vedtak om at Regjeringa skulde krevja saka inn for skiltsdomsrett i samsvar med traktaten med Sambandstatane frå 1929.

Sendemannen i Washington sende så det amerikanske utanriksdepartementet ein note den 8 september med utgreiing om den skadebota Hannevig måtte krevja, og sa i noten at vilde ikkje den amerikanske regjeringa betala nokon ting, så måtte Noreg reise formelt krav om skiltsdom med heimel i traktaten frå 1929. Men det svaret som kom den 21 oktober var eit nytt avslag. Den amerikanske regjeringa sa at det fanst ikkje noko grunnlag for den norske regjeringa til å krevja skadebot for Hannevig, og at det ikkje fanst noko rettsgrunnlag heller for å krevja saka inn for skiltsdomsrett.

I ein norsk note den 22 mars 1937 forma vi så ut det norske skadebotkravet, og denne gongen vart da det formelle kravet om skiltsdom reist. Det var i samsvar med det som eg sjølv frå fyrste stund hadde haldi fram i Stortinget, og det var i samråd med utanrikskomiteen at eg hadde streva så lenge med å få den amerikanske regjeringa til å gå med på godviljug oppgjerd, før eg endeleg fullt formelt tok opp kravet om mellomfolkeleg skiltsdom. Og eg trur nok at alt dette strevet hadde hjelpt til å gje regjeringa i Washington ei viss forståing for det rettkomne i å krevja Hannevigsaka drøft på nytt. To gonger viste ho saka tvert ifrå seg; men no den tredje gongen kom ho i det minste med eit tilbod som endeleg lét opp døra for ny drøfting.

Eg vil ikkje la vera å nemna at det som kanskje serleg hjelpte til at den amerikanske regjeringa no kom oss i møte, var det idige arbeidet sendemann Morgenstjerne i Washington gjorde for saka, og dette vart da òg serskilt sagt i det svaret som no kom ifrå den amerikanske statssekretæren. Eg trur elles ikkje eg tek i mist når eg seier at det var sjølve statssekretæren Cordell Hull som reint personleg avgjorde at departementet hans ikkje skulle setja seg så hardt imot det norske kravet om drøfting eller skiltsdom; han kunde etter heile sin tenkemåte ikkje halde fast på reint einssidig avvising, og han kunde ikkje la oss i Noreg bli ståande i den trua at ein liten stat ikkje kunne få rett hos ein stor. Attåt vil eg minne om at eg hadde fått fullmakt av Stortinget til å tilby Amerika skiltsdom i eit krav som dei der borte meinte dei hadde på Noreg, eit krav som dei hadde dom mot seg på av norsk Høgsterett og som vi difor med full grunn kunne rekna for endeleg avgjort, men som vi likevel var viljuge til å la gå til mellomfolkeleg rett. Det var Jonessaka. Og så vil eg dessutan nemne at vi hadde sagt ifrå i den siste noten vår til Amerika at vi godt kunne tenke oss å la Hannevig få saka si avgjort av den amerikanske retten som heiter Court of Claims, når han berre fekk høve til å reise sak for denne retten; vi gjorde ikkje mellomfolkeleg skiltsdom til det absolutte kravet vårt. Hannevig sjølv var einig i dette; han kjente seg trygg på at ein amerikansk domstol vilde dømme rett utan omsyn til at det var ei sak mot den amerikanske regjeringa.

Alt dette førte no til at Utanriksdepartementet i Washington den 18 juni 1937 gjorde framlegg om å ta opp heile Hannevigsaka til eit slag rettargang mellom den amerikanske og den norske regjeringa, såleis at vi sende kvarandre innlegg og motlegg etter visse reglar og med visse freistar, plent som i ei rettssak. Og skulle så denne "rettargangen" eller dette skriftbyttet ikkje føre fram til ei semje mellom dei to

regjeringane, så skulde den amerikanske regjeringa gjera framlegg for Kongressen om at saka skulle få koma fram for Court of Claims.

På norsk side svara vi i ei note frå 8 november 1937 at vi i prinsippet godtok det amerikanske tilbodet. Men det var ymse ting i dei reglane for skriftbyttet og for den endelege rettargangen som vi ikkje kunne godta eller som vi måtte ha klarare utforma. Såleis ynskte vi ikkje at vi skulle vera avskorne frå å koma med nye faktiske opplysningar etter det aller fyrste innlegget var avgjevi, og vi måtte trygge oss høve til å få alle turvande opplysningar frå dei aktstykkka i saka som finst i Amerika. Dertil måtte vi ha greitt opsett det rettsgrunnlaget som Court of Claims skulde bygge domen sin på om saka til slutt kom dit - det var vi nøydde til å gå ut ifrå at ho gjorde.

Vi måtte rekna det for eit stort framsteg at den amerikanske regjeringa hadde tøygt seg så langt som til det tilbodet ho såleis hadde gjort, og vi vona at vi nokolunde snart skulle få koma i gang med det skriftbyttet som vi på båe sidene no i prinsippet var einige om. Sjølve dette skriftbyttet vilde så likevel koma til å ta ei to-tre år.

Men dess verre synte det sig at det vart store vanskar med å få semje om grunnlaget for både skriftbyttet og for den rettargangen som i tilfelle skulle fylgja etterpå. I det norske svaret frå 8 november 1937, vart det bl.a. sagt at vi tok det for gjevi at domstolen skulle ta omsyn til mellomfolkelege rettsgrunnsetningar og bygge avgjerda si på full rettfærd (equity) utan hinder av formelle innkast eller lokale lovforskrifter. Det amerikanske utanriksdepartementet svara den 15 desember at det kunne ikkje godta slik ei føresetning, og det formulerte den amerikanske tydinga på ordet "equity" (rettfærd) på ein måte som vilde gjera domsgrunnlaget mykje trongare enn vi på vår side kunne finna rett. I det norske tilsvaret som så vart gjevi den 29 juni 1938, sa vi oss viljuge til å fylgje den amerikanske tydinga langt på veg, men vi måtte halde fast på at mellomfolkeleg rett måtte bli lagt til grunn. Det nye amerikanske svaret frå 19 oktober 1938 avviste likevel dette kravet vårt.

Og der står vi førebels. Vi har enda ikkje svara på den siste amerikanske noten. Vi fekk straks føre jul (den 19 desember) eit utførleg oppsett til svar frå ein amerikansk advokat som vi har rådført oss med, og den 17 mars i år fekk vi fråsegn frå Hannevig gjennom advokaten hans at han var einig i dette oppsettet. Eg er einig i det, eg òg, men eg er noko i tvil om eg skal sende det no med ein gong, me sendemannen vår er borte frå Washington (han fylgjer med kronprinsparet på ferda gjennom Amerika), for det kan vera ting som det er ynskeleg at han talar personleg om.

Det er semje no på båe sidene om alt det som vedkjem sjølve skriftbyttet om saka mellom dei to regjeringane. Men framleis er det usemje om det rettsgrunnlaget som skal gjelde for ein rettargang for Court of Claims. Vi kan tøye oss så langt at vi er med på at sjølve storleiken på det vederlaget som Hannevig i tilfelle får for alt det som den amerikanske regjeringa har teki ifrå han, blir fastsett i samsvar med amerikansk lov, såleis som det er gjort i ymse andre tilfelle.

Men vi kan ikkje godt gje opp påstandet om at spørsmålet om han i det heile skal ha vederlag, blir avgjort i samsvar med mellomfolkeleg rett. Og vi må krevja at domstolen ikkje skal ta omsyn til allslags ting som før har gått for seg i heile denne saka om skadebot, men skal dømme heilt fritt etter reint saklege omsyn. Eg kan ikkje skjøna anna enn at den amerikanske regjeringa burde kunna gå med på våre krav i så måte; for det er i røynda berre det same som vart fastsett for ei anna sak av same slaget - den skadebotsaka som ein italian med navnet de Luca fekk lov å reise for Court of Claims i 1934. (I den saka gjekk domen imot den amerikanske regjeringa, det var i desember 1936.)

Enda må eg nemne at i noten sin frå 15 desember 1937 tok det amerikanske utanriksdepartementet eit nytt spørsmål opp, med di det vilde ha det fastslege at om Hannevig fekk den skadebot han kravde, så skulle ingen pengar bli sende ut or landet før dei amerikanske kreditorane hadde fått sitt. Til dette svara vi den 29 juni i fjor at vi meinte dei amerikanske kravsmennene ikkje måtte ha nokon førerrett framfor dei norske, men vi var viljuge til å gå god for at alle amerikanske kreditorar som hadde gode krav på Hannevig, skulle få kravet sitt oppfylt i same mål som dei norske. I den siste amerikanske noten heldt likevel regjeringa der borte fast på sitt påstand. I det nye svaret som no ligg ferdig her ifrå oss, gjer vi framlegg om at dette spørsmålet skal venta, såleis at det ikkje blir avgjort før vi ser utgangen på saka. Det skulle vel vera eit rimeleg tilbod frå vår side.

Eg kan ikkje nekta for at eg synst det er svært leitt at det skulle gå bort så mykje tid med reint preliminare drøftingar før vi kjem fram til sjølv saka. Det er mest to år som no har gått bort på denne måten. Difor nemnde eg i den førre noten vår, den 29 juni i fjor, at det kanskje kunne vera best å springe over heile det lange skriftbyttet mellom regjeringane og gå beint til Court of Claims med ein gong. Men det svara den amerikanske regjeringa nei til.

Eg har no likevel tenkt at samstundes med at eg sender det lange juridiske svaret vårt på den siste amerikanske noten, så skulle eg skrive eit personleg brev til Cordell Hull og be han om at det kunne bli slutt på all den juridiske flisespikkinga så vi i staden kom fram til sjølv saka. Det er nett med tanke på slik ei personleg føreteljing at eg gjerne vilde vente med svaret vårt til sendemann Morgenstjerne har komi tilbake til Washington; for han burde da tala personleg med statssekretæren om det.

Hannevig sjølv trur at det skulle vera mogleg å få det amerikanske utanriksdepartementet til å springa over både notebyte og rettargang og i staden dryfta sjølv skadebota til han. Eg kan ikkje godt skjøna at det finst grunnlag for slik ein optimisme. Men det er greitt at ingen kunne vera meir nøgd enn eg om noko slikt var mogleg; eg skulle ta imot det med kysshand.

Enda er det ei side til av saka som eg må tala om - det er spørsmålet om kostnaden. Stortinget i 1935 slo fast at staten ikkje skulde ha utgifter med denne saka når ho kom for mellomfolkeleg rett, og kravde at fullgode garantier skulle bli gjevne. Dette vart teki oppatt i vedtaket frå 1936. Det var da

naudsynt å gjera opp eit overslag på førehand over kor store utgiftene kunne bli, og Utanriksdepartementet hadde da alt samla inn opplysningar som kunne gje grunnlag for eit rimeleg overslag. Det synt seg dess verre at ymse autoritetar hadde reint ulike meiningar om kor store utgiftene vilde bli; dei svinga mellom ein kvart million og ein heil million kroner. Da saka var føre i Stortinget i 1935, vart det frå ymse sider sagt at ein måtte ikkje krevja så stor ein garanti så det faktisk vilde bli uråd for Hannevig å skaffa han. For min part sa eg at eg rekna med at ein burde krevja garanti for minst 600 000 kroner. Somme tykte det var reint for mykje. Men eg heldt dette kravet oppe, og det lukkast for Hannevig å få garantert 600 000 kroner. Eg nemner at omlag halvparten av denne summen har vi sia kravt og fått innbetala. Men eg ynsker Stortinget skal veta at summen venteleg blir for liten. Eg har fått kontrakttilbod frå ein amerikansk advokat som Hannevig fyrst hadde gjort kontrakt med for seg personleg. Denne advokaten har ifrå alle sider det vitnemålet at han er ein framifrå kar i alle måtar, og eg har sjølv ein gong hatt ein lang samtale med han om Hannevigsaka, da gjorde han det aller beste inntrykk. Etter den kontrakten han har bodi seg til å gjera, skulle han i alle tilfelle få eit honorar på 200 000 kroner - om saka blir vunnen, mykje meir. Vel, i det siste tilfellet går utgiftene av det vederlaget retten gjev Hannevig, så det blir inga utgift for staten. Men taper vi saka - og det tilfellet må ein sjølvsagt òg rekne med - så trur eg ikkje at garantien på 600 000 kroner kan dekke fullt ut alle utlegga med saka. Eg torer gå ut ifrå at det svarar med føresetningane for vedtaka her i Stortinget at ein likevel fører saka fram så langt som det er råd å få ho.

Sven Nielsen: Jeg takker den ærede utenriksminister for den redegjørelse han har gitt oss angående denne sak. Det kan ikke nektes at vi her i Stortinget nu syntes at saken begynte å dra temmelig lenge ut. Det er nu 5 år siden Stortinget siste gang tok denne sak op til behandling, og saken var allerede da meget gammel. Den gjelder som bekjent det erstatningskrav som den norske skibsreder Christoffer Hannevig mener å ha på De forente Stater fordi De forente Stater rekvirerte hans eiendommer, hans skib, skibsverft og skibskontrakter under krigen for over 20 år siden. Spørsmålet om å søke Hannevigsaken innbragt for internasjonal voldgift hadde gjentatte ganger vært oppe til undersøkelse og drøftelse, men med negativt resultat, da den igjen blev tatt op i 1934 av Stortinget. Det var klart for oss i utenrikskomiteen, at så gammel som denne sak var blitt, var det om å gjøre å få den behandlet så raskt som mulig. På grunn av sakens veldige dimensjoner var det ikke råd å behandle den i selve sesjonen, men vi ofret hele høsten på å behandle den, fra 1 september til henimot jul, først et engere utvalg og så den hele komite, og innstilling kunde avgis den 8 desember 1934. Den 10 april 1935 blev saken behandlet her i Stortinget med det resultat at Stortinget henstillet til Regjeringen å yde sin medvirkning til at Hannevigs erstatningskrav blev innbragt for internasjonal voldgift. Det er nu gått 4 år siden den tid, og efter å ha hørt den redegjørelse som den ærede

utenriksminister har gitt, forstår vi jo at det fra hans side har vært arbeidet iherdig med saken. Men i virkeligheten er vi ikke kommet så svært meget lenger enn da vi begynte. Det er ikke å undres over at de som er nærmest interessert i saken - i første rekke Hannevig selv og hans mange kreditorer - begynner å bli utålmodige. Jeg synes nok også etter de datoer som den ærede utenriksminister opgav, at det har gått nokså lang tid fra man her i Norge mottok de amerikanske noter, til de blev besvart. Vi forstår meget vel at der i denne tid er overordentlig meget å gjøre i Utenriksdepartementet, det er vel ikke noget departement som i den grad er blitt bebyrdet med arbeide under denne vanskelige internasjonale situasjon som Utenriksdepartementet. Det kan hende det har forsinket saken, jeg vet det ikke, men det burde ikke ha gjort det, for Hannevigsaken står, som utenriksministeren nevnte, i en særstilling her. Hannevigs kreditorer og andre interesserte har nemlig stillet en garanti på inntil kr. 600 000 til dekning av statens utgifter i saken, og det vilde derfor være god anledning for departementet til å engagere dyktige hjelpere utenfor departementet, hvis departementets egne folk ikke har tid til å ta sig av den. En sak av de dimensjoner som Hannevigsaken, krever sin mann eller sine menn fullt ut, og man kan ikke vente at departementsfunksjonærer, hvor dyktige og arbeidsføre de enn måtte være, kan makte en sådan sak på fyldestgjørende måte, hvis de samtidig skal være optatt med annet arbeide. Der er folk utenfor departementet som har inngående kjennskap til saken. Jeg nevner en mann som Hannevigs nuværende advokat, høiesterettsadvokat Torstensen, som vel er den mann som bedre enn nogen annen kjenner saken.

Jeg vil gjerne innskyte her, at jeg selvsagt ikke har noget med å gi departementet noen pekepinn om hvilken fremgangsmåte det skal benytte sig av for å fremme saken; når jeg nevner dette, er det fordi jeg vet at Hannevig selv, med rette eller urette, føler sig satt utenfor, da han synes han og hans advokat ikke er benyttet i den utstrekning som han mener måtte være rimelig. Jeg er fullt opmerksom på at når staten har overtatt saken, så er departementet suverent både i valget av fremgangsmåte og i valget av medarbeidere, men det er jo helt naturlig at den hvem saken gjelder, gjerne vil ha et ord med i laget. Det er jo dog ham som i første rekke er interessert i at saken får et heldig utfall. Og skulde saken mot formodning resultere i at erstatningskravet ikke fører frem - og det er jo som bekjent mange av våre mest ansette jurister som mener at den juridisk sett står meget dårlig - så måtte det være en tilfredsstillelse, og jeg synes det måtte være heldig for departementet og for staten, at Hannevig selv hadde vært med på behandlingen av saken. I motsatt fall vil han lett kunne komme og si: Her kan man se, her har staten forkludret det hele. Hadde jeg fått være med, skulde det nok blitt noget annet. - Og han vil naturlig komme til å henvise til den såkalte Kristianiagrupperes erstatningssak mot De forente Stater som blev pådømt ved voldgiftsretten i Haag i 1922, hvor resultatet blev at de norske saksøkere fikk medhold på praktisk talt alle punkter og blev tilkjent, såvidt jeg husker, hele påstandsbeløpet - en erstatning som var ca. 5 ganger så stor som den De forente Stater hadde tilbudt å betale, og hvor De

forente Stater i domspremissene fikk en påskrift så ydmygende som vel neppe nogen stat har fått i lignende saker. Denne sak førtes også av den norske stat, formelt iallfall, men i realiteten var det de interesserte parters representanter som forestod og ledet aksjonen.

Nu vil jeg be den ærede utenriksminister om ikke å misforstå mig. Jeg mener ikke herved å ville si at det bør overlates til Hannevig å treffe bestemmelse om hvad der bør gjøres i den nu pågående erstatningssak, men jeg er bange for at man vil risikere å bli utsatt for en formentlig uberettiget, men iallfall lett forståelig kritikk, hvis man undlater å la de direkte interesserte få en viss innflytelse og få gjøre sitt syn på saken gjeldende, om det etterpå skulde vise sig at saken ender med et nederlag. Det dreier sig jo også om ganske svære beløp, ja, efter våre forhold rent eventyrlige summer. Den norske stats påstandsbeløp er såvidt jeg erindrer ca. 70 mill. doll.. Den amerikanske ekspert som har gjennomgått kravene, den samme mann som blev benyttet som ekspert ved den av utenriksministeren nevnte de Luca-sak, er kommet til det resultat at Hannevigs erstatningskrav er ca. 95 mill. doll., selve hovedstolen 42.5 mill., hvortil kommer renter. Men selv om han skulde få bare en brøkdel av denne sum, vilde det allikevel bli et så stort beløp at det er all grunn for staten til å søke å få denne sak fremmet så hurtig som mulig. Staten vil nemlig selv få en ikke ubetydelig andel av en eventuell erstatning i form av skatter.

Dette er en sak som i høi grad har almenhetens interesse, der snakkes blandt folk nokså meget om den. Det er nemlig et ganske betydelig antall mennesker som er interessert i saken enten direkte, som Hannevigs kreditorer, eller indirekte, som aksjonærer i de forskjellige selskaper som har penger til gode av ham. Man hører ofte uttalelser som ikke alltid er smigrende for departementet, på grunn av at saken har dratt slik i langdrag. Jeg vil gjerne tilføie at når jeg personlig har fått forespørsler, fordi man vet at jeg i sin tid var ordfører for saken her i Stortinget, har det alltid vært mig maktpåliggende å svare at der fra statens side gjøres hvad der gjøres kan, og at en så stor og innviklet sak ikke kan ventes avgjort på nogen kort tid; men jeg tror det vilde være heldig om det blev utsendt et offisielt kommuniqué med en redegjørelse om sakens nuværende stilling, i den utstrekning Utenriksdepartementet måtte finne det tilrådelig, en redegjørelse som forhåpentlig kunde virke beroligende og sette tingene på rette plass. Det gleder mig å høre at den ærede utenriksminister vil gjøre alt hvad der står i hans makt for å få saken fremmet så snart som mulig, også ved personlig henvendelse til den amerikanske utenriksminister. Det vilde være meget beklagelig om vår notes avsendelse skulde bli forsinket ved at vår sendemann i Washington ikke er tilstede. Men selv om den sendes nu, kommer han vel forhåpentlig tilbake ikke så lang tid efter at noten er kommet til Amerika, så jeg håber at det også i den henseende vil bli gjort hvad det kan gjøres fra departementets side.

Statsråd Koht: Eg torer slett ikkje segja at ikkje denne saka kunde ha gått fortare i Utanriksdepartementet enn ho har gjort, det er godt mogleg at vi kunne ha gjort all ting fortare

enn det syner seg av desse data eg har gjevi i dag. Men eg får kanskje nemna at ingen av oss som hadde med saka å gjera den gongen, korkje vi i departementet eller Hannevig og advokaten hans og andre utanfor departementet, venta seg at det amerikanske utanriksdepartementet skulde reisa så mykje formell jus om dette fyrebuingsarbeidet som det som kom opp. Eg får her, innanfor desse veggene, kanskje segja at eg har fått eit sterkt inntrykk av at det har vore beint fram sabotasje frå det amerikanske utanriksdepartementet, for di eg veit at sjølve dei juridiske konsulentane der i departementet har vore i mot at statssekretæren skulde gje det tilbodet som han gav Noreg. Og all denne jussen som her har vore reist, formjus, er slik som er so serskilt amerikansk at vi måtte søkja amerikansk hjelp, om vi skulle i sanning kunne møta denne jussen. Det har vi då òg gjort. Men det er klårt at det tar si tid. Eg har då freista på, heile tida, å driva på her i denne saka så langt som det var mogleg for meg, og vi har nytta hjelp attåt, men det har kravt si tid. Vi får hugsa på at i slike ting skal det to partar til om vi skal nå til semje, og når, som det ser ut til, den eine parten ikkje er so svært viljug til å nå til semje, går det endå tråare. Hr. Sven Nielsen nemnde at Hannevig burde ha vore med i denne saka og fått ha sitt ord med i dei drøftingane som har gått for seg. Ja, det har vore tilfelle. Ikkje ein einaste ting, ikkje eit einaste ord er sendt frå Noreg til Amerika, utan det har vore samtykt av Hannevig, og serskilt då av advokaten hans. Hannevig er ikkje sjølv jurist, men han har ein god advokat, og han har vore med heile tida, gjeve sine tilrådingar og fått sjå alt det han vilde, og vi har fylgt hans råd. Det har aldri vore usemje på nokon måte der, so det er ingen grunn for Hannevig til å klaga over at ikkje han har fått vera med i so måte. Men det er klårt at vi har mått halda oss meir til advokaten hans enn til Hannevig personleg. Hannevig - ja, eg vil ikkje segja noko vondt om han, men ein må ha lov å segja at han er meir optimistisk i denne saka enn andre synest dei kan ha grunn til. Som eg nemnde, har han til og med no trudd at vi skulle kunna få saka fram berre i ei handvending, at vi skulle liksom springa over og visa tilbake alt det som har vore tilbode frå amerikansk side, og få noko endå større, som dei gong på gong har nekta oss. Eg rur ikkje at den optimismen har noko grunnlag, men det er den som no altfor mykje har drive Hannevig, og som vel har gjort at han for sin part har tyktest det har gått smått og seint. Men gjennom advokaten sin har han heile tida vore med i alt det som har vore gjort, det vil eg gjerne ha slege fast her.

Protokollen for det hemmelige møte referertes og foranlediget ingen bemerkning.

Møtet hevet kl. 17.35.